




Klima- og miljødepartementet  
Kongens gate 20  
Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo

Slidre den 6.11.14

### **Høyring til endring av §12 i fjellova**

Fjellstyret viser til departementet si høyring til endring av §12 i fjellova slik at fjellstyra blir tillagt styringsrett med motorisert ferdsel. Vestre Slidre fjellstyre støttar departementet sitt framlegget til endring av fjellova §12. Dette er ein naturleg følgje av endring av lov om motorferdsel i utmark for å styrke lokaldemokratiet. Vi viser elles til vår uttale sendt 3.9.14, vedtak er lagt ved.

Med helsing

  
Harald Ranum  
dagleg leiar



Arkiv nr:

Sak nr 25/2014

Møtedato: 3.9.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Høyring til endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Klima- og miljødepartementet har sendt til høyring forslag til endringar i *lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*. Framlegget til endring av lov om motorisert ferdsel i utmark som tillet rekreasjonskjøring er det eit klart politisk fleirtal på Stortinget. Fjellstyret finn derfor ikkje å gå nærare inn på dette temaet i høyringa. Fjellstyre finn det viktig å kommentere kven som skal ha styringsrett med motorisert ferdsel i statsallmenningane. Komiteen har instruert departementet til å sikre lokal styring og presisert at i statsallmenning skal samtykke gjevast av fjellstyret. Departementet har ikkje fylgt denne instruksjonen og foreslege at styringsretten skal liggja til Statskog.

I lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §10 (forholdet til grunneiere). står det: *Denne lov innskrenker ikke den adgang grunneier og bruker har etter gjeldende rettsregler til å forby eller begrense motorferdsel på sin eiendom.* Temaet er også omtala i rundskriv T-1/96 avsnitt 5.2: *Brukeren har rett til å nekte motorferdsel når den bruksberettigede kommer i grunneiers sted.*

Statsallmenningane blir administrert etter "Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova)". Det eit delt ansvar for forvaltning av statsallmenningane, mellom Statskog og fjellstyra. Fjellstyret sitt hovudansvar går i hovudsak fram av § 3: *Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen så langt ikkje anna er fastsett i eller i medhald av lov. Det skal arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftinteressene.* Kort oppsummert skal fjellstyret ivareta bruksrettane (jakt, fiske, stølsbruk mm) og Statskog skal ivareta dei andre grunneigarinteressene (feste til hytter, hotell, grus mm). Fjellstyret kjem i kraft av fjellova "i grunneiers sted" når det gjeld jakt, fiske, beitebruk, utvising av støl m.m. Det meste av aktiviteten som skjer i statsallmenningane er fjellstyret sitt ansvarsområde, spesielt innan friluftsliv og landbruk. Ansvarsområdet til fjellstyret vil i langt større grad bli påverka av motorisert ferdsel i utmark enn Statskog. Fjellstyret står også for det praktiske oppsynet i statsallmenningane.

Statskog har etter kvart i stor grad sagt frå seg sin rett til å styre motorisert ferdsel. Grunnegjevinga for dette er m.a. at kommunen skal styre dette lokalt. Lovverket gir kommunen svært avgrensa heimel til å styre trafikk som har direkte heimel i lova. På denne måten kan ikkje motorisert ferdsel som har direkte heimel i loven bli styrt lokalt. Dette betyr m.a. at slik kjøring ikkje behøver følgje løyvetrasear eller andre vilkår som kommunen fastsett ved tildeling av andre løyve.

Motorisert ferdsel i utmark kan lett koma i konflikt med dei interesser som fjellstyret i lov og forskrift er pålagt å forvalte. Areal som fjellstyra administrer er sårbare naturområde og det er viktig at ein kan ivareta områda på ein god måte. Kommunen og fjellstyret har ikkje alltid samanfallande interesser når det gjeld næringsutvikling og naturvern/friluftsliv. Det er derfor viktig at fjellstyret har rett til å sikre dei interesser som ein gjennom fjellova er sett til å forvalte. Med styringsrett vil fjellstyret vi kunne krevja å bli høyrte og stille vilkår før det blir gjort vedtak i kommunen. Fjellstyret har i utgangspunktet ikkje ynskje om fleire arbeidsoppgåver, men det vore likevel ynskjeleg at ein i gitte situasjonar kunne vera ein meir aktiv part når det gjeld administrasjon av motorferdsel i utmark.

Fjellstyret viser til liknande prinsipp ved vurdering av bruksretten då ny hundlov vart vedteken i 2006. Før ny hundelov vart vedteken, hadde det vore usemje mellom Statskog og fjellstyra om kven som skulle gi løyve til hundetrening. I utgangspunktet ligg slik styringsrett til grunneigar, men fjellstyra hevda at slik rett låg innanfor fjellstyra sin administrasjon av bruksretten. I ny hundelov vart dette avklara med følgjande ordlyd i §8: *Jakthundtrening, jakthundprøver og dressur kan bare foregå med samtykke av grunneieren eller den som har en allmenn bruksrett til eiendommen. For statsallmenningene gis samtykke av fjellstyret.* Her vart det presisert at det var fjellstyret, og ikkje grunneigar, som skulle administrere dette i kraft av bruksretten etter fjellova. Dette er ein grunnleggjande aksept for at bruksretten som fjellstyret administrerar ikkje står tilbake for Statskog sin grunneigarrett. Bruksretten si styrke er klart synleggjort i § 12 i fjellova som seier at grunndisponering berre kan skje dersom det ikkje er til skade for bruksretten. Samlikna med hundeloven har fjellstyret minst like store interesser å ivareta når det gjeld motorisert ferdsel. Det er viktig å merke seg at fjellstyret har langt betre lokalkunnskap om områda og verknadane av motorisert ferdsel, samanlikna med Statskog som har sentralisert sine funksjonar vekk frå lokalsamfunnet. Det er derfor viktig at fjellstyret kan bruke denne styringsretten.

I framlegg til Forskrift om kommunalt forsøk med snøscooterløyper § 3 var det følgjande ordlyd: *...For statsallmenningene gis samtykke av fjellstyret.* Statskog/LMD hevda dette var Statskog sin rett etter fjellova.

Klima- og miljødepartementet fann i vinter ingen grunn til å endre ordlyd i forskrift. Det var også stadfesta i e-post den 27.2.14 frå departementet v/statssekretær Lars Andreas Lunde som meinte at det var rett at styringsretten låg til fjellstyra. Regjeringa har hatt som mål om å ha ein ny politisk kurs som skal styrke lokal styringsrett generelt og jf. statsråden den 15. november var lokal styringsrett eit hovudmål med forsøksordninga som vart lagt fram. Dette er også eit hovudmål i ein samrøystes miljø- og energikomiteen den 17.6.14: *Stortinget ber regjeringen snarest mulig legge fram forslag til endring av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag som sikrer lokal forvaltning innenfor tydelige, nasjonale retningslinjer inntatt i loven.* Vidare er det i komiteen sine merknader presisert følgjande: *Komiteen understreker behovet for god dialog med grunneiere ved inngåelse av avtaler om motorisert ferdsel, at de lokale fjellstyrene må gi samtykke til motorisert ferdsel for statsallmenningene.*

Klima- og miljødepartementet har ikkje oppfylt den tverrpolitiske føring om at det skal vera lokal styringsrett med motorisert ferdsel i statsallmenningane. Det er klar instruks om dette i komiteen og det er ikkje normalt at departementet overser så klare instruksar. Departementet viser til at det ev. er nødvendig å endre fjellova. Dette er ikkje nødvendig, men det må presiserast i lov om motorferdsel at samtykkekompetanse skal liggje til fjellstyra, jf. styringsrett til fjellstyra som vart presisert i §8 i hundelova. Om fjellova måtte endrast, er det ikkje noko til hinder for å endre lova på dette punktet. Då tomtefestelova vart endra, vart det samstundes gjort endringar i fjellova. Dette handlar om vilje til å følgje opp politiske løfter og politiske instruksar. I lov som er under endring må fjellstyret sin styringsrett gå klart fram av lovteksten, på tilsvarande måte som i hundelova.

Over tid har statleg makt og regulering av statsallmenningane vorte styrka og med tilsvarande reduksjon av lokalt makt og styringsrett. Dette er eit demokratisk problem som regjeringa har gjeve klare signal om at dei vil endre på, m.a. regjeringsplattforma. Statsråd Sanner uttalar at eit godt lokaldemokrati er eit spørsmål om kva slags innflytelse og makt ein faktisk har. Dette kan regjeringa leggje til rette for dette i denne saka. Endring i lov om motorisert ferdsel i utmark er ei prinsippsak om regjeringa vil gjennomføre lovnader om lokal styringsrett og ikkje berre marknadsføre politiske målsettingar utan vilje til å gjennomføre.

#### **Framlegg til vedtak**

Fjellstyret ber Klima- og miljødepartementet om å følgje opp dei tverrpolitiske føringane frå energi- og miljøkomiteen datert 17.6.14 om lokal styringsrett i statsallmenningane og tilrår at §10 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag får slik ordlyd: *Denne lov innskrenker ikke den adgang grunneier og bruker har etter gjeldende rettsregler til å forby eller begrense motorferdsel på sin eiendom. For statsallmenningene har fjellstyret samtykkekompetanse.*

#### **Vedtak**

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.14

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Klima- og miljødepartementet  
Energi- og miljøkomiteen  
Norges fjellstyresamband